

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 17.04.2015
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar**

ARKIVSAK: 2015/1726
STYRESAK: **051/15**

STYREMØTE: **06.05. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Helse Vest tar internrevisjonen sin rapport til etterretning og vil følge opp anbefalingane overfor dei private rehabiliteringsinstitusjonane.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har gjort ei undersøking av private rehabiliteringsinstitusjonar som har avtale med Helse Vest RHF. Helse Vest vil, i si oppfølging av dei private institusjonane, følge opp dei anbefalingar internrevisjonen peiker på.

Fakta

Undersøkinga har omfatta Røde Kors Haugland Rehabilitering, LHL –klinikkane Nærland og Krokeide, Åstveit Helsesenter, Rehabilitering Vest og Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter. Revisjonen starta opp før nye avtaler innan rehabilitering tok til å gjelde, 1. januar 2015. Dette inneberer at Oppfølgingsenheten Frisk ikkje har vore revidert i denne omgang.

Formålet med internrevisjonen var å undersøkje om dei private rehabiliteringsinstitusjonane som Helse Vest har avtale med har etablert kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrifta om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Internrevisjonen oppsummerer etter revisjonen at institusjonane er godt førebudd for ein ny avtaleperiode.

Kommentarar

Undersøkinga stadfester at det arbeidet som er lagt ned i prosessen med anskaffinga har ført til ei auka bevisstgjerung i institusjonane rundt dei krav vi set. I anskaffinga blir det stilt ein rekke krav til institusjonane som dei også blir evaluerte på. Ein slik prosess førar til at institusjonane går igjennom eigne prosedyrar når dei utarbeidar tilbod.

Internrevisjonen peiker på at vi no går inn i ein lengre avtaleperiode. Vi bør vere bevisste på at dette krev tettare oppfølging av at institusjonane har ein internkontroll som verker i praksis.

Helse Vest er einig i at ein lengre avtaleperiode krev at vi følgjer tett opp. I denne samanheng vil vi vise til Helse Vest sin strategi for kjøp av spesialisthelsetenester som blei vedtatt av styret i møtet 4.november 2014, sak 112/14.

Av denne går det fram at ein systematisk og hensiktsmessig avtaleoppfølging er eit viktig verkemiddel for å sikra best mogleg nytte av avtalane . Vidare at vi gjennom avtaleoppfølginga skal sikre at vi får levert dei tenester vi etterspør – både på kvalitet og kvantitet.

Helse Vest har oppfølgingsmøter med dei private institusjonane fleire gonger i året. Oppfølgingsmøta kan ha ulik form og innhald.

Institusjonane rapporterer til NPR. Desse rapportane blir gått i gjennom og følgt opp av Helse Vest. Blant anna skal institusjonane rapportere på kor mange pasientar som har individuell plan og som får tilbod om dette. Ein av merknadene til internrevisjonen var at institusjonane burde vere meir proaktive når det gjaldt oppfølging av pasientane sin rett på individuell plan. Når det gjeld dette punktet og dei andre anbefalingane internrevisjonen har peikt på, vil institusjonane sin vidare oppfølging bli etterspurt i oppfølgingsmøta.

Konklusjon

Helse Vest tar internrevisjonen sin rapport til etterretning og vil følgje opp anbefalingane overfor dei private rehabiliteringsinstitusjonane.